



Årsrapport for Folkehelseavdelinga 2015



Innhald

1. Innleiing	3
2. Organisasjonskart Flora kommune.....	4
3. Økonomi.....	5
4. Kompetanse.....	6
5. Miljøretta helsevern.....	6
5.1 Skular og barnehagar.....	6
5.2 Hud og fotpleie, frisør, holtaking, piercing og tatovering	7
5.3 Badeanlegg, boblebad og badstu	7
5.4 Radon	7
5.5 Asylmottak	8
5.6 Støysaker.	8
5.7 Forureining	8
5.8 Solarier	8
5.9 Inneklima.....	9
5.10 Kjøletårn etc, Legionella	9
6. Smittevern	9
6.1 Tuberkulosekontrollprogram.....	10
7. Folkehelse/samfunnsmedisin.....	10
8. Plan for 2016	11
Folkehelseavdeling si plan for 2016:.....	11

1. Innleiing

Lov om folkehelse set strengare krav til det førebyggjande helsearbeidet i kommunane. Føremålet med lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar. Folkehelsearbeidet skal fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding. Lova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsemynde set i verk tiltak og samordnar si verksemd i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Lova skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

Flora kommune har frå 01.01.13 vore vertskommune for eit interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving/folkehelse. Arbeidet vert utført av Folkehelseavdelinga i rådmannen sin stab i Flora kommune og har kontorplass på Rådhuset i Florø.


Samarbeidet skal bidra til å oppfylle kommunane sitt ansvar til innbyggjarane i høve miljøretta helsevern, smittevern og førebyggjande samfunnsmedisinsk rådgjeving/folkehelse.

Selje, Stryn, og Vågsøy er frå 01.07.2015 med i det interkommunale samarbeidet. Naustdal og Solund kommune har meldt seg ut av det interkommunale samarbeidet frå 01.01.2017. Flora kommune vil vurdere kva betydning dette vil få for vidare arbeid i Folkehelseavdelinga.

Florø 3. mars 2016

Elisabeth Solheim
Leiar Folkehelseavdelinga

2. Organisasjonskart Flora kommune



Folkehelseavdelinga er organisert i Kvalitet og utvikling, i rådmannen sin stab.

3. Økonomi

I tabellen under viser vi årsresultatet for avdelinga som i 2015 har eit overskot på kr 77.000,-. I dette ligg unyttta prosjektmidlar frå fylkemannen på kr 200.000 som vert fondsavsett til vidare arbeid med helseoversikt. Dei andre fondsavsette midlane frå tidlegare år vert vurdert tilbakeført ved tidspunkt for refusjon som vert noko seinare enn tidlegare år (september 2016). Vi må sjå dette i samanheng med den totale driftssituasjonen i 2016 med dei endringane som har vore i avtaleforpliktingar.

131050	Interkommunal Folkehelseavdeling	Regnskap 2015	Budsjett 2015
10101	FAST LØN TIL FAST TILSETTE	2 208 042,01	2 147 000,00
10901	PENSJONSINNSKOT KLP	284 216,18	317 000,00
10902	PENSJONSINNSKOT SYKEPLEIERE	35 016,43	-
10991	ARBEIDSGJEVARAVGIFT	349 013,83	347 000,00
11001	KONTORMATERIELL	2 438,04	10 000,00
11015	ABONNEMENT(AVISER/FAGTIDSKRIFT)	1 020,00	-
11180	MATSERVERING VED KURS/OPPLÆRING	13 950,00	-
11215	HOTELLOPPHALD(UTANOM KURS/OPPLÆRING)	17 848,52	-
11291	VELFERDSTILTAK	1 294,05	-
11302	PORTOUTGIFTER	124,00	-
11304	TELEFONUTGIFTER MOBILTELEFONAR	2 193,40	30 000,00
11410	STILLINGSANNONSER	21 516,80	-
11501	Opplæring, kurs	22 500,00	-
11505	KURSAVGIFTER/HOTELLOPPHALD	23 640,52	100 000,00
11601	UTG. GODTGJERSLE FOR REISER	1 336,80	-
11605	REISE, DIETT OG BILGODTGJ. TILSETTE	72 373,41	100 000,00
11701	TRANSPORT OG DRIFT EIGNE TRANSPORTMIDLAR	50 000,00	-
11770	REISEUTGIFTER(IKKJE OPPG.PL)	16 858,24	-
11990	KONTINGENTAR	1 450,00	-
12001	INVENTAR OG UTSTYR	5 536,00	-
12002	KONTORINNREDNING(BORD/STOLAR M.V.)	35 738,40	-
12062	AVISER/FAGTIDSKR TIL BIBLIOTEK	525,00	-
12701	KONSULENTTENESTER	22 000,00	-
12901	INTERNE OVERFØRINGAR, INTERNKJØP-mot 17901/17902	-	-
14291	Moms generell komp.ordning	10 693,43	-
15021	PURREGEBYR	113,72	-
15501	AVSETNINGER TIL BUNDNE FOND	150 000,00	-
	Sum utgifter	3 349 438,78	3 051 000,00
17102	REFUSJON SJUKEPENGAR	-8 269,00	-
17501	REF. FRÅ KOMMUNAR	-2 930 689,00	-2 600 000,00
17901	INTERNT SALG(INT. OVERFØRINGER)-mot 12901	-488 000,00	-500 000,00
19501	BRUK AV BUNDNE FOND	-	-
	Sum inntekter	-3 426 958,00	-3 100 000,00
	Sum tenester: 131050 Interkom. Folkehelseavd.	-77 519,22	-49 000,00
	TOTALT	-77 519,22	-49 000,00

4. Kompetanse

Folkehelseavdelinga har til saman 4,3 årsverk fordelt på 6 personar.

Som eit resultat av at Folkehelseavdelinga inngått samarbeid med tre nye nordfjordkommunar har avdelinga utvida staben. Den samfunnsmedisinske kompetansen er auka opp 10 %. Det er tilsette sjukepleiar med brei HMS-erfaring i 100% stilling frå 1.12.15.

Avdelinga si kompetanse er breitt samansett. Tre tilsette i avdelinga er sjukepleiarar der ei har vidareutdanning som helsesøster og ei som intensivsjukepleiar. Avdelinga har òg rettleiingskompetanse. Avdelinga har ein bioingeniør og to legar; ein samfunnsmedisinar som òg er spesialist i allmenntmedisin og ein er under utdanning i samfunnsmedisin. Det berikar fagmiljøet at fleire er i kommunale stillingar. Vi ser at samansettinga i avdelinga dekkjer det mest nødvendige innanfor vårt ansvarsområde.

5. Miljøretta helsevern

Miljøretta helsevern omfattar dei faktorar i miljøet som til ei kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helse. Desse omfattar mellom anna biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorar.

Arbeidet til Folkehelseavdelinga omfattar tilsyn med faktorar i miljøet som kan ha innverknad på helse. Dette gjeld både private og offentlege verksemdar og omfattar støy, inneklima, luftkvalitet, stråling, forureining samt førebygging av ulukker og skader.

Folkehelseavdelinga er eit forvaltningsorgan som har fått delegert mynde til å føre tilsyn og fatte vedtak om retting etter ei rekke føreskrifter. I tillegg til sakshandsaming av enkeltsaker arbeider vi med informasjon og rådgjeving knytt til alle felt innan miljøretta helsevern.

I utvikling av kommunedelplanar og reguleringsplanar ynskjer Folkehelseavdelinga å verte meir involvert. I løpet av våren 2015 har vi gjeve uttale i plansaker i Førde og Flora kommune.

5.1 Skular og barnehagar

Frå oppstart i avdelinga januar 2013 har prioritering av arbeidet, i samråd med kommunane, vore knytt til tilsyn og godkjenning av skular og barnehagar. Alle einingar har no hatt tilsyn og fått godkjenning etter føreskrift om miljøretta helsevern. Nokre einingar har fått pålegg som ein del av godkjenningsprosessen og vert fulgt opp vidare. Kommunar har hatt fagdager som ein del av oppfølginga, dette er ikkje gjennomført i Nordfjord.

Det er sett i gong arbeid med CO₂-målingar på alle skular og barnehagar. Målingane har teke noko lengre tid enn planlagt, nokre av resultatane har heller ikkje hatt god nok kvalitet og må difor målast på nytt. Folkehelseavdelinga vil sjølv følgje opp målingane i dei skulane og barnehagane som gjenstår.

Etter gjennomført tilsynsbesøk og godkjenning, samt inneklimatemålingar vert det utarbeidd ein rapport til den enkelte kommune. Denne rapporten vil gje ei fagleg vurderinga av bygga og uteområde utifrå krav i føreskrift om miljøretta helsevern. Det vil verte gjeve råd om kva einingar som på kort og lang sikt vil trenge treng investering og rehabilitering.

Samarbeidet med skular og barnahager har fungert godt og vi opplev å verte tekne vel imot ute i kommunane. Fleire skule- og barnehageleiarar tek kontakt per telefon eller e-post for å be om fagleg råd og rettleiing i etterkant av godkjenningsrunden. Når skular og barnehagar planlegg rehabilitering eller ombygging/nybygg vert vi i for liten grad trekt inn i prosessen. Folkehelseavdelinga skal òg involverast i planarbeid og gje uttale og godkjenning i høve dette.

5.2 Hud og fotpleie, frisør, holtaking, piercing og tatovering

Folkehelseavdelinga gjorde i 2014 ei kartlegging av alle verksemder som driv med holtaking/piercing, tatovering, hud og fotpleie, frisørar, samt solarier. Verksemder som stikk hol i huda er søknadspliktige, dei andre har meldeplikt. Det vart registrert 151 verksemder, 49 av desse fekk svar eller godkjenning frå oss. Folkehelseavdelinga har ivareteke kommunane sitt ansvar i høve å skaffe ei oversikt over aktuelle verksemder og kjem ikkje til å følgje opp dette arbeidet ytterlegare no. Den same kartlegginga vil vert gjort i dei tre nye kommunane. Det er lagt til rette for å svare både i Word/PDF-format, men òg elektronisk via vår nettside.

5.3 Badeanlegg, boblebad og badstu

Kravet om tilfredsstillande helsemessige og hygieniske forhold er heimla i [Folkehelselova](#) / LOV 2011-06-24 nr.29 og i [Forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu m.v](#) / FOR 1996-06-13nr.592. Dette gjeld verksemder eller anlegg som er opne for offentlegheit og/eller utleige. Føreskrifta gjeld òg badstu sjølv om den ikkje er knytt til badeanlegg eller bassengbad. Folkehelseavdelinga gjorde i 2014 ei kartlegging av alle aktuelle verksemder og gjennomførte tilsyn på tre badeanlegg etter kriteria størrelse på anlegg og personbelastning. Vi vil nytte same arbeidsmetodikk på kommunane i Nordfjord.

5.4 Radon

Avdelinga har etter ein anbudsrunde inngått avtale med eit firma for levering av sporfilm for radonmåling til innbyggjarane i dei samarbeidande kommune. Avtalen inneber at kvar kommune får tilsendt resultat av målingane årleg. Dette er knytt til gards- og bruksnummer og vil såleis gje ei oversikt over geografiske radonutfordringane i kommunen. Avtalen kan nyttast av alle, kommune og burettslag har fått noko betre prisar enn enkelthustandar.

Avdelinga har bidrege med informasjon og rettleiing i høve til handtering av radonutfordringar i enkeltkommunar.

Avdelinga har arbeidd med skular og barnehagar si dokumentasjonsplikt i høve radonnivået som ein del av godkjenninga etter føreskrift om miljøretta helsevern. Dei einingane som ikkje har slik dokumentasjon har fått pålegg om å måle radon.

5.5 Asylmottak

Flyktningssituasjonen i Norge og Europa i 2015 har gjeve utfordring for kommunane. Asylmottak er meldepliktige verksemdar etter forskrift om miljøretta helsevern. Staten sin politikk med konkurranseutsetjing av denne verksemda, med kortsiktige driftsavtalar, har gjort at det i vårt område har vore kommunar som har fått betydeleg nye utfordringar i samband med nedlegging og oppretting av asylmottak.

Avdelinga har drive rettleiingsarbeid i høve kommunane på problemstillingar både i høve miljøretta helsevern og smittevern.

Det er gjort tilsyn på eitt asylmottak i 2015.

5.6 Støysaker.

Folkehelseavdelinga bidreg med råd, rettleiing og eventuelle vedtak om retting vedrørande bygge- og anleggsstøy, støy frå tekniske installasjonar, bedrifter/industri, flystøy, fritids- og underholdningsstøy mm.

Det har vore enkelte henvendelsar frå kommunane knytt til støy og forureiningssaker. Dette er ofte saker som har eit potensiale til å utvikle seg til konflikter mellom ulike interessegrupper, og gjerne med store konsekvenser og kostnader for kommunane. Tidleg informasjon og rettleiing i desse sakene vil styrke kommunen si saksbehandling, og er heimla som eit lovkrav.

5.7 Forureining

Folkehelseavdelinga er delegert mynde etter delar av lov om forureining og om avfall. Mellom anna har avdelinga ansvar for rettleiing og tilsyn med:

- Drikkevassanlegg, kvalitet på badevatn, samt forhold i samband med utslepp og forureining av vatn og vassdrag.
- Skadedyrkontroll
- Overvaking og målerapportering av helse- og miljøskadelege gassar og svevestøv. Informasjon, råd og rettleiing om grenseverdiar, problemområder, status, planar og utvikling for luftkvalitet.
- Hygieniske forhold ved dyrehold i tettbygd strøk
- Hygieniske forhold i samband med renovasjon og avfallshandtering, kontroll med forsøpling bl.a. bilvrak. Tillatelse til bruk av slam.

I tillegg kartlegging av forureining i jord og byggegrunn, behandling av tiltaksplanar ved terrenginngrep på forureina grunn i henhold til forureiningsførskrifta kapittel 2. Vi gjev råd og rettleiing knytt til helserisikovurdering.

5.8 Solarier

Folkehelseavdelinga har kartlagt solarieverksemdar i kommunane våren 2015, dette var før samarbeidet med nordfjordkommunane vart etablert.

Arbeidet med å spore og kartlegge desse verksemdene har vore tidkrevande og dels vanskeleg. Vi har nytta Brønnøysundregisteret, gule sider, samt ulike nettportalar som registrerer slik type bedriftsinformasjon. Det syner seg at mange ikkje er klar over

melde- og godkjenningssplikta og det må drivast eit aktivt informasjonarbeid i høve dette. Folkehelseavdelinga har ikkje lykkast å få tilbakemelding frå alle og det er usikkert om desse fortsatt driv utleige. Dei verksemdene som er kartlagt har fått informasjon om meldeplikt. Avdelinga har gjort tilsyn i ni solstudio.

Det vart gjennomført hygienetilsyn og tilsyn etter strålevernføreskrifta med måling av UV stråling i solarierør. Alle avvik etter tilsyna er retta opp og desse tilfredstiller no krav i føreskrift.

5.9 Inneklima

Avdeling gjev råd og rettleiing om innemiljøproblem knyttet til fukt, varme, ventilasjon, lysforhold, og materialbruk. Tilsyn med røykebestemmelsar i off. bygg og serveringsstader. Inneklima har stor merksemd i arbeidet med tilsyn- og godkjenning av skular og barnehagar.

Avdelinga har hatt fått henvendelse frå fleire kommunar vedrørane inneklima og arbeid med konkrete saker .

5.10 Kjøletårn etc, Legionella

Folkehelseavdelinga har ansvar for å halde oversikt og innhente opplysningar om alle meldepliktige verksemdar i vårt område. Dette gjeld verksemdar som direkte eller indirekte kan spreie legionellaforureina aerosol til omgjevnadane, utandørs eller innandørs etter "Forskrift om miljørettet helsevern" og "Forebygging av legionellasmitte- en veiledning, 2012.

6. Smittevern

Det overordna arbeidet med planverktøy for smittevern har halde fram.

Malen for tuberkulosekontrollprogram er oppdatert etter nasjonale retningslinjer.

Kommunane har i varierende grad valgt å bruke malen. Sjølv om kommunane velger ulikt, er malen nyttig som referanse på samarbeidsmøter med helsepersonell om denne delen av smittevernarbeidet i kommunane.

Delar av innhald i kontrollprogrammet og lokale tilpassingar av nasjonale retningslinjer har vore grunnlag for avklaringar med Helse Førde som kan gjelde fleire av samarbeidskommunane.

Det er lagt ut forslag til ny mal for kommunal smittevernplan på heimesida til

Folkehelseavdelinga. Hovudintensjon i arbeidet med planmalen har vore å utforme den kortfatta, oversiktleg og brukarvenleg for kvalitetssikring og oppdatering.

Ved presentasjon av malen for smittevernlege og helsesøster i kommunane ligg óg ei av målsettingane frå avdelinga om opplæring i og auke bruken av Folkehelseinstituttet sitt nasjonale og til eikvar tid oppdaterte faglege grunnlag "Smittevernbooka" for alt smittevernarbeid.

Arbeid med revisjon av pandemiplan er ikkje starta opp i påvente av ny nasjonal rettleiar som endå ikkje er komen.

Smittevern har vore ein vesentleg del av informasjons-/rettleiingsarbeidet i arbeidet med badeanlegg, og frisør, hud-og fotpleie, holtaking- og piercing, samt solarier.

Arbeidet med godkjenning av skular og barnehagar har òg hatt vesentleg fokus på førebyggjande smittearbeid.

Avdelinga får også mange spørsmål om ulike konkrete smittevernsaker både frå helsepersonell i kommunane og publikum som vert besvart.

6.1 Tuberkulosekontrollprogram

Tuberkulosekontrollprogrammet vart utarbeidd i 2013 og er vidare oppdatert i 2015 i tråd med med fleire nye nasjonale føringar. Mal for programmet er tilgjengeleg på heimesida. Programmet har vore presentert kommunevis for helsepersonell og implementering er gjennomført etter ynskje i samarbeidskommunane.

7. Folkehelse/samfunnsmedisin

Avdelinga har ansvar for den overordna førebyggjande delen av samfunnsmedisinfeltet. Dette inneber ansvar for overordna planar og prosedyrar, samt å arbeide med felles prioriteringar.

I arbeidet med Helseoversiktsdokumentet har det vore arrangert tilsaman fem fellessamlingar i 2015. Det har vore eit mål at folkehelseutfordringane i dei ulike kommunane skulle løftast opp og legge grunnlag for strategiske satsingar innan folkehelseområdet. Det har òg vore einigheit om at dokumentet må vere retningsgevande og kunne brukast som eit styringsverktøy for kommunane. Vi har vektlagt prosessen og hatt gode, faglege diskusjonar om innhald og utforming av dokumentet. Oppmøtet i arbeidsgruppa har variert, fagfolk frå det helsefaglege området i kommunane har vore best representert på alle samlingane. Det har vore vanskeleg å få med representantar frå plan/teknisk og delvis skule. Vi hadde ynskt at den tverrfaglege tilnærminga til arbeidet hadde vore betre, men ser òg utfordringane med å få dette til i ein travel kvardag. På samlingane har det vore arbeidd med innhald og mal for fellesdokumentet. Arbeidsgruppa har nytta rettleiaren som utgangspunktet for arbeidet, analysert og vurdert alle temaområder. Mellom samlingane har det vore arbeidd med oversiktsdokumentet på kommunenivå. Det er no utarbeidd ein mal og fellesdokumentet er ferdigstilt. I det vidare arbeidet vil den enkelte kommune sjølv supplere med lokale data og kunnskap/erfaringar. Kjell Arne Nordgård har som prosjektleiarar leia arbeidet, Folkehelseavdelinga har vore prosjektgruppe og rådmenn i alle kommunane styringsgruppe.

Det er starta eit samarbeid med Helse Førde og Sogn og Fjordane Fylkeskommune om vidare arbeid med helseoversiktsdokumentet i høve å få samla og gjort folkehelsedata tilgjengeleg. Det er tenleg å få samla aktuelle data, både kvantitative data/statistikk og kvalitative data og undersøkingar m.v. som ein kan få tilgang til. Dette vil lette den framtidige innhentinga av data og revidering av dokumentet.

Samhandlingsbarometeret som verktøy er aktuelt og er positive til eit slikt samarbeid. Det vert òg arbeidd med å nytte "Fylkesspegelen" som kjelde vidare.

I eit samla arbeid med kunnskapsbasen i Sogn og Fjordane er det viktig å koordinere arbeidet internt i fylket, men òg i høve det staten gjer. Det er òg behov for betre koordinering og samarbeid for å følgje op m.a. regional plan for folkehelse.

Helseoversiktsdokumentet kan såleis vere eit felles utgangspunkt for vegval og retning i folkehelsearbeidet.

Helseoversiktdokumentet skal knytast opp imot arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel. Her vil òg rapporten knytt til arbeidet med miljøretta helsevern i skular og barnehagar danne eit viktig faktagrunnlag.

8. Plan for 2016

Felles rådmannsmøter er viktige arena for diskusjon om framdrift og satsingsområder i avdelinga og korleis arbeidet skal implementerast i kommunane. Det har ikkje vore råd å få til fellesmøte med rådmenn i 2015. Det vart sendt ut ei orientering på e-post juni 2015.

Folkehelseavdeling si plan for 2016:

- Auke kunnskapen i kommunane om fagfeltet og Folkehelseavdelinga sitt arbeid
- Ajourføre alle avvik på skule og barnehagar
- Ferdigstille tilstandsrapport for skular og barnehagar.
- Implementere helseoversiktdokument i samarbeid med kommunane.
- Hjelp med implementering av folkehelseutfordringar i kommunale planar.
- Gjennomgang av kommunal smittevernplan og hjelp med implementering av denne i kommunen sin beredskapsplan
- Opplæring av helsepersonell i bruk av smittevernplan
- Utvikle fellessatsingar som t.d. Ungdata
- Vidareutvikle og implementere heimeside
- Starte arbeid med tilsyn på campingplassar og badeplassar
- Tilsyn og godkjenning med alle skular og barnehagar i Flora kommune.
- Gjennomføre fagdagar og såleis følge opp godkjenning av skular og barnehagar i Stryn, Selje og Vågsøy
- Fortløpande behandle saker som kjem til
- Utvikle og ferdigstille eige IK-system
- Ferdigstille CO2 målingar på alle einigar, lysmåling ved behov
- Kartlegge verksemder som kan spreie Legionella, kjøletårn og liknande